

# FLÅMSBRYGGA

B R Y G G E R I H O T E L L · K A F É · R E S T A U R A N T · P U B

## LEDIG SOMMARJOBB

### KOKKAR \* KAFEMEDARBEIDARAR \* OPPVASK \* RESTAURANT- OG PUB PERSONALE

Flåmsbrygga ligg idyllisk til i Flåm heilt nede i vasskanten ved Sognefjorden. Med ein natur utan sidestykke og eit pulserande folkeliv, er Flåm den 4. mest besøkte turiststaden i Noreg. Nærmaste tettstad er Voss, og Bergen er ein køyretur på 2 1/2 time unna. Flåmsbrygga med Ægir BryggeriPub, Flåmsbrygga Hotell - Bryggerihotellet, Flåmstova Restaurant og Furukroa Kafe er ein triveleg og uformell møtestad, der våre gjester kan hygge seg i ei stemningsfull atmosfære.

#### Vi søkjer:

**Kokkar.** Må ha fagbrev (yrkesbevis) og like å jobbe med gode råvarer og ha ein indre motivasjon for mat. Vår matfilosofi er at det skal være Ægir øl i og til maten!

**Kafemedarbeidarar.** Litt enkel matlaging, rydding og kassearbeid. Fordel om ein har litt erfaring frå før, men dette er ikkje eit krav. Full opplæring vert gitt.

**Oppvask.** Rydding i kafelokale, oppvask, halde orden på kjøkkenutstyr og restaurant/kafe servise. Fordel om ein har litt erfaring frå før, men dette er ikkje eit krav. Full opplæring vert gitt.

**Restaurantpersonale.** Servering frukost, lunsj og middag. Noko selskapsservering. Fordel om ein har litt erfaring frå før. Full opplæring vert gitt.

**Pubpersonale.** Betene pub med vårt eige Ægir øl, servering av lunsj og middag og rydding. Noko selskapsservering. Fordel om ein har litt erfaring frå før. Full opplæring vert gitt.

Du er ansvarsbevisst og utadvent med stå på humør. Likar å jobbe med mat og menneske, og er vant med å jobbe i eit til tider hektisk miljø. Vi har eit godt arbeidsmiljø og kan vera hjelpsame med husvære. Søkjar må være over 18 år. Bør ha god munnleg framstillingsevne på nordiske språk og engelsk. Send søknad med arbeidsperiode og CV. Merk konvolutten "Jobsøknad" eller send søknad på e-post. Søknadsfrist snarast og innan 15. mars 2017.

Arbeidsperiode 1. mai til 31. oktober, kortare eller lengre periodar. Oppgi ønske arbeidsperiode. Varierende arbeidstid. Lønn i samsvar til gjeldande tariff.

Ta kontakt med Flåmsbrygga ved Gørill på telefon 57 63 20 56, epost: [jobb@flamsbrygga.no](mailto:jobb@flamsbrygga.no)



FLÅMSBRYGGA HOTELL



FURUKROA



FLÅMSTOVA



ÆGIR BRYGGERIPUB